



Studentinvolvering i forskning

*Sjukepleiarstudentar sine erfaringar med
å delta i gjennomføringa av eit forskingsprosjekt*

Students' involvement in research

*Nursing students' experiences in participating in conducting
a research project*

Sissel Hjelle Øygard

Førstelektor, Institutt for helse- og omsorgsvitenskap, Høgskulen på Vestlandet
sissel.hjelle.oeygard@hvl.no

Hanne Marie Heggdal

Høgskulelektor, Institutt for helse- og omsorgsvitenskap, Høgskulen på Vestlandet
hanne.marie.heggdal@hvl.no

Irene Aasen Andersen

Førstelektor, Institutt for helse- og omsorgsvitenskap, Høgskulen på Vestlandet
irene.aasen.andersen@hvl.no

Siri Ytrehus

Professor, fagseksjonsleiar, Institutt for helse og omsorgsvitenskap, Høgskulen på Vestlandet
siri.ytrehus@hvl.no

Samandrag

Sjukepleiarar sine kunnskapar om forskning er framheva som viktig for å sikre god kvalitet på helsetenester. For å bidra til auka forståing og interesse for forskning er det eit uttalt utdanningspolitisk mål at sjukepleiarstudentar skal få høve til å delta som aktive aktørar i forskning i løpet av bachelorutdanninga.

Seks sjukepleiarstudentar har deltatt i eit pilotprosjekt, og studien baserer seg på kvalitative intervju med desse. Pilotprosjektet innebar å endre rammene for bacheloroppgåva for å gjere det mogleg å gjennomføre oppgåva som eit forskingsprosjekt. Studentane deltok i forskingsprosjekt drive av dei tilsette og skreiv bacheloroppgåva si i tilknytning til prosjekta. Studentane er intervjuar om erfaringane sine med deltaking i pilotprosjektet.

Resultata syner at studentane hadde lite kunnskap om forskning frå tidlegare i utdanninga, og at dei syntest den generelle forskingsopplæringa ikkje førebudde dei godt nok til å deltaka i eit forskingsprosjekt. Studien viser at studentane opplevde det å kunne delta i alle fasane av forskingsprosessen som positivt. Forskingsprosjekta sin relevans for pasientar og pårørande gav ein sterk motivasjon for å delta.

Resultata tyder på at det er behov for vidare utvikling av forskingsopplæringa i bachelorutdanninga i sjukepleie.

Nøkkelord

Sjukepleiarutdanning, sjukepleiarstudentar, forskingsopplæring, studentinvolvering

Abstract

Nurses' knowledge about research is highlighted as crucial to safeguard quality in the health-care services. To contribute to increased understanding and interest in research, an expressed goal for educational policy is to give nursing students the opportunity to actively participate in research during their bachelor education.

Six nursing students participated in a pilot project, and this study is based on qualitative interviews with those. The pilot project aimed to change the framework of the bachelor's thesis to facilitate for empirical projects. The students participated in research projects driven by academic staff and wrote their thesis on the basis of these projects. The students were interviewed about their experiences of participating in a research project.

The findings shows that the students had acquired little knowledge about research during their education, and that the training in research knowledge did not sufficiently prepare them to participate in research projects. The study shows that the students experienced participation in all phases of the research process as positive. The relevance of the themes motivated them to participate.

The findings indicate a need to develop teaching about research in the nurses' bachelor programme.

Keywords

nursing education, nursing students, research education, students' involvement

Innleiing

Utdanningsinstitusjonane har eit særskilt ansvar for å gjere sjukepleiarstudentar i stand til å forstå og vurdere forskning, nytte forskning i arbeidet og identifisere område som treng meir forskning (Christie et al., 2012). Kunnskap om forskning er framheva som viktig for å sikre kvalitet og effektive helsetenester, og vert sett på som eit svar på mange samfunnsutfordringar. Det er eit uttalt statleg mål at sjukepleiarstudentar skal få høve til å lære om og delta som aktive aktørar i forskning i løpet av bachelorutdanninga (Meld. St. 18 (2012-2013)). Dermed vil studentane få auka forståing og interesse for forskning.

Sjukepleiarutdanningane skal legge til rette for vidare fagleg utvikling for sjukepleiarar etter avslutta utdanning, med livslang læring som mål (Jacobsen & Andenæs, 2011). Kunnskap om og forståing for forskning er ein sentral del av denne generiske kunnskapen for å sikre livslang læring. Forskingsbasert undervisning kan vere orientert mot både forskingsresultat, -metodar og -prosessar (Strømsø, 2016). Deltaking i forskingsprosjekt kan skape ei særleg forståing for forskning og dermed styrke motivasjonen for å forske (Leming, 2016). Gjennom deltakinga får den forskande studenten kompetanse innan mange område og kunnskap om dei ulike fasane i forskingsprosessen, deriblant tilrettelegging og samhandling.

Fleirtalet av studentane som startar på sjukepleiarutdanning, er i alderen 19–20 år. Mange går direkte frå vidaregåande skule til sjukepleiarutdanning utan arbeidserfaring frå helsesektoren (Cho et al., 2010; Evensen et al., 2020). Sjølv om hovuddelen av sjukepleiarstudentane er unge, representerer dei ei mangfaldig gruppe med varierende alder og sosial bakgrunn og varierende motivasjon for læring (Fleming et al., 2011; Lee, 2007; Vizeshfar & Torabizadeh, 2018). Å ha kunnskap om kven sjukepleiarstudentane er, og deira motivasjon for yrket har betydning for å sikre rekruttering til yrket (Cho et al., 2010). Kunnskap om motivasjon for yrket kan også vere viktig når det kjem til tilrettelegging for læring i dei ulike faga. Spesielt nyttig er denne kunnskapen i arbeidet med å skape forståing og meningsfull læring gjennom gode studieplanar samt nøye gjennomtenkte undervisnings- og læringsaktivitetar i alle fag (Cho et al., 2010). Studiar syner at det er ein samheng mellom motivasjon og akademiske og vitskapelege ferdigheiter (Manganelli et al., 2019; Murtonen et al., 2008). Studentane sin motivasjon for fag og læringsaktivitetar kan difor påverke studentane sine læringstilnæringar til fagstoffet og korleis læringa skjer.

Ulike fagområde, med ulik grad av spesialisert vitskapeleg språk, kan opplevast forskjellig av studentane. Nokon kan oppleve vitskapeleg språk som framandgjerande (El Tantawi, 2009). Ein studie av tannlegestudentar viste store variasjonar i måtar å lære fagstoffet på

(El Tantawi, 2009). Sjukepleiaryrket er eit praktisk og teoretisk yrke. Motivasjon for emne av teoretisk karakter kan variere. Følgeleg kan det vere ei utfordring for lærarane å formidle viktigheita av vitenskapleg kunnskap i sjukepleiaryrket på måtar som motiverer heile studentgruppa, med ulike bakgrunnar og motivasjon.

Ein sterk yrkesmotivasjon og identifikasjon med den framtidige yrkesrolla kan bidra positivt til læring, og motsett kan manglande yrkesmotivasjon verke hemmande (Case, 2008). At faga i utdanninga oppfatast som essensielle for den framtidige yrkesrolla, kan vere ein viktig motivasjonsfaktor for læring i det enkelte faget (Cook & Artino, 2016; McVicar et al., 2015). Faget oppfatast å ha nytteverdi og blir meningsfullt å lære, noko som vil påverke læringsengasjement (Linnenbrink & Pintrich, 2003; McVicar et al., 2015).

Fleire studiar (Boström et al., 2013; Salminen et al., 2010) peikar på kompleksiteten i kompetansen som krevjast, i både kvalitetsvurderinga og bruken av forskning. Sjukepleiarstudentar finn det vanskeleg å forstå og utvikle ulike ferdigheiter i forskning (Jacobsen & Andenæs, 2011). Ei evaluering av eit samarbeid mellom bibliotektilsette og pedagogisk personale i sjukepleiarutdanninga syner at å skrive bacheloroppgåve er viktig for å auke studentane sin forskingskompetanse (Nordsteien et al., 2017).

Aktuell forskingsgjennomgang syner at det er få og eldre studiar om sjukepleiarstudentar si deltaking i og motivasjon for forskning. Korleis bachelorstudentar opplever å delta i eit forskingsprosjekt, har så langt vi kjenner til, ikkje vore utforska.

Studien sin kontekst

Føremålet med pilotprosjektet som denne artikkelen omhandlar, var å prøve ut ein modell for bacheloroppgåve i sjukepleie der studentane deltok aktivt i alle fasar av tilsette sine forskingsprosjekt og skreiv oppgåva si med utgangspunkt i data frå desse prosjekta.

Bachelorutdanninga i sjukepleie er treårig og fordelt på seks semester. Undervisninga i forskingsmetode er lagt til ulike emne i løpet av dei fire første semestera. I tillegg til undervisning i forskingsmetode får studentane undervisning i kunnskapsbasert praksis og litteratursøk. Metodeemnet gir fem studiepoeng og vert sluttvurdert med ein skriftleg gruppeeksamen i kritisk vurdering av forskingsartiklar.

Arbeidet med bacheloroppgåva går normalt over ein periode på åtte veker i slutten av sjetten semester. I denne oppgåva skal studenten drøfte ei sjukepleiefagleg problemstilling i lys av teori, faglitteratur, forskning og eiga erfaring. I dette pilotprosjektet blei perioden for å skrive bacheloroppgåva utvida til 16 veker. Det vil seie at desse studentane starta med bacheloroppgåva samstundes som dei gjennomførte eit emne kalla «Førebuing til arbeidslivet». Dette emnet består av ein teoribolk på to veker og ein praksisperiode på seks veker.

Studentane vart rekrutterte til pilotprosjektet ved at prosjektleiarane for to forskingsprosjekt informerte kullet om prosjekta og moglegheta for å delta. Forskingsprosjekta dei kunne velje mellom, var *Pasientar med store og samansette behov* og *Pårørandeomsorg til personar med psykiske lidingar*. Seinare vart det halde eit nytt utdjupande informasjonsmøte for dei som vurderte å delta i pilotprosjektet. Om lag 20 studentar møtte. Av desse var det åtte som søkte om å få delta. Førsteforfattar intervjuar søkerane. Basert på intervju og fastsett karakterkrav med C i gjennomsnitt i utvalde emne vart sju studentar tilbydde deltaking i pilotprosjektet. Ein student trakk seg, medan seks studentar fullførte.

I teoribolken i emnet «Førebuing til arbeidslivet» fekk studentane som deltok i pilotprosjektet, ei spesielt tilrettelagt undervisning i forskingsmetode. I tillegg vart det gjort tilpassingar av krava i praksisperioden, då studentane i pilotprosjektet fekk jobbe med

prosjektplanen i staden for ei individuell skriftleg oppgåve i praksis. Dei fekk også fritak for to praksisdagar for å delta på to rettleiingsseminar med framlegg av data og analysing/tematisering av desse. Studentane valde ei delproblemstilling innanfor tematikkane til prosjekta. Prosjektlearane var ansvarleg for å skaffe informantar, medan studentane sjølve tok kontakt for å avtale intervju. Studentane gjennomførte datainnsamlinga på studiedagar. Dei utarbeida ein eigen prosjektplan, gjennomførte intervju med høvesvis pasientar og pårørande, gjennomførte analyse og utarbeida bacheloroppgåva på dette grunnlaget, med innleiing, metodekapittel og diskusjonsdel. Prosjektlearane utforma intervjuguidane. Studentane jobba to og to i gruppe med prøveintervju og intervju og i samla gruppe med delar av analyseprosessen. Samanlikna med studentane i ordinært løp fekk studentane i pilotprosjektet ekstra rettleiing, som bestod av ein seminardag med munnleg rettleiing på metode- og resultatkapittelet og to ekstra seminardagar til analysing og tematisering av innsamla data. Analyseprogrammet NVivo vart nytta til analysing av data. Dei siste åtte vekene i pilotprosjektet hadde studentane likt rettleiingstilbod som studentar i ordinært løp, altså tilbod om to individuelle rettleiingstimar etter at prosjektplanen var godkjent.

Føremål

Føremålet med studien er å beskrive sjukepleiarstudentane sine erfaringar med deltaking i eit forskingsprosjekt. Vi har formulert følgjande forskingsspørsmål:

1. Korleis vurderer studentane at utdanninga førebudde dei til å delta i eit forskingsprosjekt?
2. Kva erfaringar fekk dei av å delta i eit forskingsprosjekt og skrive ei bacheloroppgåve på grunnlag av deltakinga?

Metode

Studien er kvalitativ, med eit beskrivande og utforskande design, og basert på intervju med alle dei seks tidlegare sjukepleiarstudentane som har skrive bacheloroppgåve med utgangspunkt i deltaking i forskingsprosjekt.

Utval og datasamling

I januar 2018 vart det gjennomført eit semistrukturert intervju med intervjuguide med dei seks tidlegare studentane. Dei hadde då arbeidd som sjukepleiar i vel eit halvt år. Studentane var i alderen 22–42 år, og alle var kvinner. Informantane vart rekrutterte til studien gjennom førespurnad på e-post. Dei var informerte om studien før pilotprosjektet starta, men deltaking i studien var ikkje ein føresetnad for deltaking i pilotprosjektet. Førsteforfattar gjennomførte intervjuet på sitt kontor og tok dei opp på lydband. Intervjuet varte inntil ein time. Førsteforfattar har transkribert materialet.

To av forskarane var faglærarar for studentane og leiar for pilotprosjektet. Det kan ikkje sjåast bort frå at maktforhold og forskarane sine ulike roller ovanfor studentane kan ha verka inn på kva informantane formidla i intervjuet. Intervjuet vart derimot gjennomført om lag eit halvt år etter at deltakarane var ferdig utdanna. Dei hadde dermed høve til å uttale seg fritt og utan tanke på eventuelle negative sanksjonar. Karakteren på bacheloroppgåva kan i ettertid også ha verka inn på deira vurdering av deltakinga i eit forskingsprosjekt.

Dataanalyse

Det vart gjennomført ein tematisk analyse som innebar å analysere fram mønster i form av tema frå datamaterialet (Thagaard, 2018). I første analysefase blei transkripsjonane lesne i heilskap. Gjennomlesinga blei utført av første- og sisteforfattar og danna grunnlag for å identifisere tekstnære kodar som konsentrert uttrykk for meningsinnhaldet i teksten (Thagaard, 2018). Deretter blei deler av transkripsjonane markerte. Dette gav grunnlag for ei førebels tematisk samanfatning av intervju, som blei diskutert med medforfattarane. I andre fase gjennomførte første- og sisteforfattar ei restrukturering og samanfatning av meningsinnhaldet på tvers av alle intervju. Følgande tematiske kategoriar blei identifisert, som også strukturerer resultatframstillinga: 1) lite opplæring i forskning, 2) motivasjon for og erfaring med å delta i forskingsprosjekt og 3) endra haldning til og auka kunnskap om forskning.

Etikk

Studien er vurdert av NSD, ref.: 56412/3/STM. Forskingsetiske retningslinjer med omsyn til anonymitet og frivillig deltaking er overhaldne. Det er innhenta informert samtykke, som inneheldt informasjon om studien og korleis data ville bli brukt til publikasjon.

Resultat

Lite opplæring i forskning

Informantane gav uttrykk for at dei hadde liten eller ingen kjennskap til forskning før dei starta med bacheloroppgåva i sjukepleie. Dei hadde heller ikkje venta at å lære om forskning skulle inngå som ein del av utdanninga. Dei knytte ikkje forskning til noko som sjukepleiarar skulle lære, og meinte dette gjaldt dei fleste studentar i kullet. Fleire gav uttrykk for at dei såg på forskning som noko heilt anna enn sjukepleie. Alle beskreiv forskning som eit eige fag og syntest at undervisninga i forskingsmetode dei fire første semestera ikkje førebudde dei til deltaking i eit forskingsprosjekt. Informant 5 formidla dette slik: «Det skreddarsydd opplegget som vi fekk i pilotprosjektet, burde alle ha lært. Det grunnleggande tidlegare i utdanninga var jo så lite, det var jo berre nokon veker, det skulle ha vore lenger.»

Sjølv om tidlegare undervisning i forskingsmetode ikkje gav god nok kunnskap til å delta aktivt i eit forskingsprosjekt, meinte nokon av informantane at det hadde vore mykje fokus i undervisninga på forskning og bruk av forskning. Dei trekte fram at det var særleg interessant og lærerikt når undervisar viste til eigne eller andre sine studiar, og når desse var relevante for klinisk sjukepleie. Samstundes trekte dei fram at det var vanskeleg å få oversikt over opplæringa i forskingsmetode, då dei opplevde ho som stykkevis og delt. Prosjektet hadde gitt forståing av at forskning er eit eige fagfelt. Informant 4 sa følgjande: « . . . Men elles så syns eg forskning var eit eige fag og nesten ei fordjuping då.»

Motivasjon for og erfaring med å delta i forskingsprosjekt

Alle informantane meinte at temaa for forskingsprosjekta var viktige for at dei valde å delta. Temaa for prosjekta hadde motivert dei til å melde seg på, ikkje det å få lære om forskning. Berre éin deltakar sa at ho ville ha deltatt uavhengig av tema, men også ho sa at temaa dei kunne velje mellom, var av særleg interesse for henne. Informantane oppfatta temaa som viktige for pasientar og pårørende og for den jobben dei skulle gjere som sjukepleiar. Samstundes sa fleire at det var viktig å ha mange ulike tema å kunne velje mellom. I tillegg trekte enkelte informantar fram at det var inspirerende å møte tilsette med særleg interesse for

forskning som inviterte dei til å delta i prosjekta sine: «Måten de presenterte prosjektet, var veldig interessant; det fanga merkemda og gjorde at eg søkte på å delta.» (Informant 2)

Informantane meinte medstudentar var negative til å lære om forskning. Dei refererte til ei haldning til forskning blant medstudentar som at den gjer utdanninga for akademisk og dermed ikkje så praktisk som dei venta. Informant 6 formidla dette slik: «... Det som eg fekk høyre, at grunnen til at dei ikkje forstod kvifor, var at dei følte det vart for teoretisk og akademisk, dei skulle berre pleie ...»

Alle beskreib deltakinga i forskingsprosjektet som arbeidskrevjande, men på same tid lærerik og spennande, fordi dei følte at dei fekk det til. Dei var ikkje klare over kva deltakinga ville krevje av dei. Nokon sa at dei har lært mykje om seg sjølve også. Dei beskreib at dei hadde vakse på deltakinga, og at læringskurva hadde vore bratt. Dei trekte fram at det var særleg lærerikt å delta med sjølvstendige bidrag gjennom heile forskingsprosessen. Å intervjue og å analysere funna vart framheva som særleg krevjande og lærerikt. I tillegg var det utfordrande å lære seg eit nytt analyseprogram, NVivo, og handtere tekniske problem knytt til dette. Gruppearbeid studentane imellom vart trekt fram som viktig. Å kunne hjelpe kvarandre med analyseprogrammet, diskutere funn og dele erfaringar blei opplevd som verdifullt, men også krevjande. Studentane framheva i tillegg at dei hadde fått god rettleiing. Det hadde vore viktig for deltakinga og for læringa deira.

Endra haldning til og auka kunnskap om forskning

Alle informantane gav uttrykk for at deltakinga i prosjektet har gjort at dei har endra haldning til og fått auka kunnskap om forskning. Dei vurderte no forskning meir kritisk og tenkte meir over korleis forskning blir presentert i media. Tidlegare hadde dei ikkje tenkt så mykje på forskning, og nokon oppfatta forskning som vanskeleg å forstå.

Dei sa at dei no i større grad enn tidlegare såg betydinga av å forske. Det var lettare å forstå at forskning vedkjem praksis, og for nokon var det overraskande kor mykje relevant kunnskap dei fann om temaet sitt. Informant 1 sa det slik: «Eg kan heilt klart seie at det har påverka meg veldig positivt. Eg synest det er veldig viktig å kunne delta innan forskning og kunne sjå viktigheita av å komme fram til nye resultat.»

Ein deltakar sa at ho kunne sjå ein samheng mellom kunnskapen som forskingsprosjektet kom fram til, og tiltak som vart sett i verk for å betre pasientbehandlinga der ho no arbeider. Andre sa at dei har fått auka forståing av kor viktig det er å forske og å bruke forskning, fordi dei har erfart at resultatane er viktige for pasientar, pårørande og sjukepleiarar. Fleire av informantane fortalde at dei no les meir forskning enn før, både fordi dei har fått auka forståing for viktigheita, og fordi dei forstår det betre. Nokon gav uttrykk for at dei tidlegare hadde tenkt at forskning var noko legane dreiv med.

Det vart trekt fram at det var fint å delta i forskning på det spesifikke temaet om psykisk lidning og pårørande. Deltakarane grunngav dette med at temaet ikkje har så høg status og prioritet i helsetenesta. I slike høve såg dei det som viktig at dei som jobbar i helsevesenet, hjelper til med å få fram viktig informasjon og forskning om denne typen tema. Dei følte at forkinga dei hadde deltatt i, kunne bidra til å gjere ein forskjell.

Ved å utføre forskingsaktivitetane sjølve hadde deltakarane fått ei forståing for og kunnskap om forskning som dei ikkje hadde hatt før. Dette blei framheva av fleire. Dei la vekt på at det å få delta i alle fasar av prosjektet gav auka forståing for heile forskingsprosessen. Denne forståinga hadde igjen gitt interesse og motivasjon for å lære meir om forskning.

Alle informantane sa at deltakinga i eit forskingsprosjekt har påverka den vidare yrkeskarrieren deira. Alle hadde blitt meir motiverte til å ta vidareutdanning eller master. Dei sa

at dei følte seg tryggare på kva dei går til dersom dei skulle velje å ta eit masterstudium. Fleire av dei gav uttrykk for at dei kan tenkje seg å forske sjølve seinare, og at å lære forskingsprosessen vekte ei spire i dei. Å skrive den empiriske bacheloroppgåva gjorde forskingsprosessen meir forståeleg, og dermed blei det også meir interessant å tenkje seg ei akademisk framtid.

Dei framheva vidare at deltakinga i prosjektet var viktig for deira rolle som sjukepleiar. I endå større grad enn det opplæringa i utdanninga før hadde bidrege til, hadde dei erkjent betydninga av å ha kunnskap om forskning og heile forskingsprosessen, slik at dei kan finne fram, kritisk vurdere og nytte forskning. Dei framheva viktigheita av å halde seg fagleg oppdatert, då oppdatert kunnskap stadig kjem til.

Diskusjon

Føremålet med denne studien er å beskrive sjukepleiarstudentane sine erfaringar med opplæring i forskingsmetode og deltaking i eit forskingsprosjekt. Resultata viste at studentane hadde lite eller ingen kjennskap til forskning frå før og syntest ikkje undervisninga i forskingsmetode og forskingsopplæringa i utdanninga førebudde dei godt nok til å delta i forskingsprosjekta. Vidare opplevde dei det som positivt å lære forskingsprosessen ved å utføre alle delane av eit forskingsprosjektet sjølve. Dei opplevde at temaa for forskingsprosjekta motiverte dei til deltaking og læring. Studentane la vekt på at dei etter deltakinga i større grad enn tidlegare forstod kva forskning er, og rolla forskning kan spele i praksis.

Utdanninga skal gi sjukepleiarane moglegheit til å lære strategiar og metodar som støttar sjølvstendig læring vidare i yrkeslivet (Chapin, 2018). Å delta i forskingsprosjekt inneber stor grad av sjølvstende i alle delar av forskingsprosessen. Forsking på læringsmetodar har vore sporadisk innan sjukepleielitteraturen, men med klar forståing av at djupe og meir strategiske lærings- og studietilnærmingar er det som kan gi dei beste resultata for studentane (Chapin, 2018). Vi har sett at informantane meinte undervisninga i forskingsmetode tidlegare i studieprogrammet ikkje var god nok som førebuing for deltaking i eit forskingsprosjekt. Dei poengterte vidare nytten av den spesielt tilrettelagte metodeopplæringa som deltakarane i prosjektet fekk. Deltakinga i forskingsprosjektet vart beskrive som krevjande, særleg å intervju og å analysere funna. Trass dette trekte informantane fram at variasjonen i oppgåvene og høve til å yte sjølvstendige bidrag var lærerikt og motiverande. Det same er vist i anna forskning (Ryan & Deci, 2000), samt at sjølvstyrte arbeidsformer, varierte undervisningsmetodar og lærestrategiar bidreg til læring av forskning (Melender et al., 2016; Sidebotham et al., 2014; Smith-Strøm & Nortvedt, 2008; Zhang et al., 2012). Forskingsaspektet i undervisninga blir tydelegast når studentar vert trekte inn som ein aktiv, sjølvstendig deltakar i lærarane sine forskingsprosjekt (Leming, 2016). Pilotprosjektet vårt la i stor grad opp til aktiv deltaking og involvering av studentane. Ei aktiv tilnærming til læring med vekt på medansvar for læringa gir større sjanse for at studentane oppnår innsikt og forståing, framfor tilnærmingar med vekt på kontroll og reproduksjon av kunnskap (Chapin, 2018).

Vi har sett at studentane syntest det var særleg lærerikt å delta med sjølvstendige bidrag i alle delane av forskingsprosessen. Det gav ei heilskapleg forståing dei ikkje hadde hatt tidlegare. Sjølvstendig ansvar for å gjennomføre intervju og analysere data vart trekt fram som særleg krevjande, men også lærerikt. Å nytte seg av eit nytt analyseprogram, NVivo, var krevjande. Samstundes opplevde studentane i denne prosessen at det å kunne diskutere funna og dele erfaringar frå tidlegare praksisar i sjukepleiarutdanninga var verdifullt. Å finne slike samanhengar kan utgjere ein ressurs som vil gi uavhengige, reflekterande og kritisk

tenkjande sjukepleiarar som vil vere i stand til å integrere ulike former for kunnskap i praksis (Jordal & Heggen, 2015; Säljö, 2013).

Vidare har vi sett at tematikkane og yrkesrelevansen i forskingsprosjekta motiverte til deltaking. Dette er òg vist i anna forskning (Ryan & Deci, 2000). Å syne yrkesrelevans kan medføre ein større indre motivasjon for faget, noko som er positivt for læring, og som igjen kan gi betre akademiske ferdigheiter (Manganelli et al., 2019). Studiar kan antyde at sjukepleiarstudentar samanlikna med andre studentar skårar høgare på yrkesmotivasjon (Cho et al., 2010; Kilinç et al., 2020), og at ønske og moglegheit til å arbeide med menneske er sentrale motivasjonsfaktorar (Kilinç et al., 2020). Moglegheit til fordjuping i eit interesseområde som oppfattast å ha høg nytteverdi, kan skape større læringsengasjement (Linnenbrink & Pintrich, 2003). Å vise samanheng mellom faget og korleis faget inngår i det framtidige yrket, vil vere viktig i all utdanning og er ein motivasjonsfaktor for læring for vaksne studentar (Cook & Artino, 2016). Våre informantar har beskrive denne samanhengen, då dei sa at dei som nyutdanna sjukepleiar ser betydinga av å forske, og at kunnskapen dei kom fram til, kan nyttast i pasientbehandlninga. Andre studiar viser også at forskingsprosjekt knytt til klinisk praksis fremjar motivasjon, aukar engasjement og gir større forståing for samanhengen mellom forskning og praksis (Vågan et al., 2014). Dei seks studentane som deltok i dette pilotprosjektet, la vekt på at temaa for prosjekta hadde motivert dei til deltaking, noko som viser behov for å ha eit breitt utval av forskingsprosjekt å tilby studentar. Eit breitt tematisk utval vil også gi moglegheit til å rekruttere studentar med mange ulike faglege interesser.

Ein vil også kunne tenkje at kunnskapen studentane har fått om å forske, vil vere eit grunnlag for vidare fagleg utvikling og livslang læring (Jacobsen & Andenæs, 2011). Studentar får kompetanse i å forstå korleis forskning blir til (Murtonen et al., 2008), noko som kan medføre motivasjon for å lære enno meir om forskning (Ryan & Deci, 2000). Studentane får også ein sjølvtilitt å ta med seg ut i yrkeslivet (Bandura, 1986). Fleire av våre studentar sa nettopp at dei fekk ei kjensle av å lukkast, og at denne motiverte dei gjennom den arbeidskrevjande prosessen.

Studentdeltaking i dei vitsskapelege tilsette sine forskingsprosjekt medførte eit nært samarbeid mellom dei vitsskapelege tilsette og studentane og dessutan studentane imellom. Dei opplevde deltakinga og samarbeidet med lærarane og kvarandre som positivt. Informantane våre trekte særleg fram at god rettleiing var viktig for deltakinga og læringa deira. Eit nært samarbeid mellom lærar og student vert rekna for å vere ein faktor som har særleg innverknad på god læring og suksess for studentar (Cano, 2018; Ingraham et al., 2018). Samhandlninga med rettleiarane over lengre tid kan ha skapt rom for kunnskapsutvikling. Fleire studiar trekkjer fram at ei nær rettleiarrolle kan legge til rette for og styrke studentane i deira analytiske tilnærming til forskingskunnskap (Christie et al., 2012; Melender et al., 2016). Forskarrolla blir tydelegare for studenten, både som rettleiar, rådgivar og rollemodell. Ein god relasjon med rettleiar gir gode høve til å formidle både det formelle lærestoffet og dei uformelle normene og verdiane som er i eit forskarfellesskap, og vil gje studentane nærare kjennskap og moglegheit til identifikasjon med forskarrolla (Del Prato, 2013). Undervisnings- og læringsmiljøet må ta omsyn til varierende tilnærming til og motivasjon for læring blant studentane og sørge for god tilpassa læring (Ingraham et al., 2018). Dette vil ei fleksibel rettleiarrolle gi gode moglegheiter til. Rettleiarrolla kan også vere personleg tilfredsstillande for lærarane. Læraren får ein genuin sjanse til positiv verknad på studenten si akademiske utvikling (Lee, 2007).

Avgrensingar ved studien

Tilrettelegginga som er gjort i dette pilotprosjektet, har gitt høve til meningsfull læring. Å legge til rette for studentdeltaking i forskning kan rett nok vere tidkrevjande for både studentar og vitskapeleg tilsette. Studien har få informantar. Målet var å få innsikt i og forståing av studentane sine erfaringar frå deltakinga. Vi må anta at ei breiare undersøking kunne gitt eit anna og meir variert bilete av motivasjon for å forske og erfaringar frå forskingsopplæringa. Denne studien har ikkje omhandla dei akademisk tilsette sine vurderingar og perspektiv på det å inkludere bachelorstudentar i egne forskingsprosjekt.

Avslutning

Denne studien viser behov for vidare forskning på korleis opplæringa i forskingsmetode bør vere for sjukepleiarstudentar. Vi treng undersøkingar som gir eit representativt bilete av studentar sine erfaringar med forskingsopplæringa, og studiar i motivasjonen deira for å forske. Ulike didaktiske modellar for forskingsopplæringa i bachelorprogrammet bør også undersøkast. Kva krevst for at studentane skal oppnå innsikt og forståing? Dagens utdanning er styrt av eit EU-direktiv (Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning, 2019). Spørsmålet er om det er plass til å utvide forskingsopplæringa innanfor dagens rammer for bachelorprogrammet. Kor omfattande må undervisninga vere for at den skal ha verdi for studentane? Dette er viktige spørsmål å få svar på i vidare forskning.

Referansar

- Bandura, A. (1986). *Social foundations of thought and action : a social cognitive theory*. Prentice-Hall.
- Boström, A.-M., Rudman, A., Ehrenberg, A., Gustavsson, J. P. & Wallin, L. (2013). Factors associated with evidence-based practice among registered nurses in Sweden: a national cross-sectional study. *BMC health services research*, 13(1), 165. <https://doi.org/10.1186/1472-6963-13-165>
- Cano, S. I. (2018). *Nursing Students' Lived Experiences of the Academic Faculty-Student Relationship: Phenomenologic Study* [ProQuest Dissertations Publishing]. University of Phoenix. <https://www.proquest.com/dissertations-theses/nursing-students-lived-experiences-academic/docview/2201097559/se-2?accountid=15685>
- Case, J. M. (2008). Alienation and engagement: development of an alternative theoretical framework for understanding student learning. *Higher education*, 55(3), 321–332. <https://doi.org/10.1007/s10734-007-9057-5>
- Chapin, T. M. (2018). *Associations between Academic Entitlement, Learning Approaches and Awareness of Future Consequences in Baccalaureate Nursing Students* [ProQuest Dissertations Publishing]. Capella University. <https://www.proquest.com/dissertations-theses/associations-between-academic-entitlement/docview/2037243253/se-2?accountid=15685>
- Cho, S.-H., Jung, S. Y. & Jang, S. (2010). Who enters nursing schools and why do they choose nursing? A comparison with female non-nursing students using longitudinal data. *Nurse Educ Today*, 30(2), 180–186. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2009.07.009>
- Christie, J., Hamill, C. & Power, J. (2012). How can we maximize nursing students' learning about research evidence and utilization in undergraduate, preregistration programmes? A discussion paper. *Journal of Advanced Nursing*, 68(12), 2789–2801. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.2012.05994.x>
- Cook, D. A. & Artino, A. R. (2016). Motivation to learn: an overview of contemporary theories. *Med Educ*, 50(10), 997–1014. <https://doi.org/10.1111/medu.13074>
- Del Prato, D. (2013). Students' voices: The lived experience of faculty incivility as a barrier to professional formation in associate degree nursing education. *Nurse Educ Today*, 33(3), 286–290. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2012.05.030>

- El Tantawi, M. M. A. (2009). Factors Affecting Postgraduate Dental Students' Performance in a Biostatistics and Research Design Course. *Journal of Dental Education*, 73(5), 614–623. <https://doi.org/10.1002/j.0022-0337.2009.73.5.tb04736.x>
- Evensen, A. E., Brataas, H. V. & Cui, G. (2020). Bioscience learning in nursing : a cross-sectional survey of beginning nursing students in Norway. *BMC Nurs*, 19(1), 2–2. <https://doi.org/10.1186/s12912-019-0394-3>
- Fleming, S., McKee, G. & Huntley-Moore, S. (2011). Undergraduate nursing students' learning styles: A longitudinal study. *Nurse Educ Today*, 31(5), 444–449. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2010.08.005>
- Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning. (2019). *Forskrift om nasjonal retningslinje for sykepleierutdanning*. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-03-15-412>
- Ingraham, K. C., Davidson, S. J. & Yonge, O. (2018). Student-faculty relationships and its impact on academic outcomes. *Nurse Educ Today*, 71, 17–21. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2018.08.021>
- Jacobsen, H. E. & Andenæs, R. (2011). Third year nursing students' understanding of how to find and evaluate information from bibliographic databases and Internet sites. *Nurse education today*, 31(8), 898–903. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2011.01.003>
- Jordal, K. & Heggen, K. (2015). When life experience matters: A narrative exploration of students' learning in nursing education. *Nordic Psychology*, 67(2), 104–116. <https://doi.org/10.1080/19012276.2015.1031552>
- Kiliç, K. Ö., Altun, E. Ç., Kemer, A. S. & Öztürk, H. (2020). Factors affecting the choice of profession of 1st grade nursing students. *Anadolu Hemşirelik ve Sağlık Bilimleri Dergisi*, 23(3), 361–368. <https://doi.org/10.17049/ataunihem.525852>
- Lee, C. J. (2007). Academic help seeking: theory and strategies for nursing faculty. *J Nurs Educ*, 46(10), 468–475. <https://doi.org/10.3928/01484834-20071001-07>
- Leming, T. (2016). Lærerstudenten som forskerstudent. Relasjoner og emosjoner i et praksisfelleskap. I T. Leming, T. Tiller & E. Alerby (Red.), *Forskerstudentene : lærerstudenter i nye roller* (s. 22–35). Cappelen Damm akademisk.
- Linnenbrink, E. A. & Pintrich, P. R. (2003). THE ROLE OF SELF-EFFICACY BELIEFS INSTUDENT ENGAGEMENT AND LEARNING INTHECLASSROOM. *Reading & writing quarterly*, 19(2), 119–137. <https://doi.org/10.1080/10573560308223>
- Manganelli, S., Cavicchiolo, E., Mallia, L., Biasi, V., Lucidi, F. & Alivernini, F. (2019). The interplay between self-determined motivation, self-regulated cognitive strategies, and prior achievement in predicting academic performance. *Educational Psychology*, 39(4), 470–488. <https://doi.org/10.1080/01443410.2019.1572104>
- McVicar, A., Andrew, S. & Kemble, R. (2015). The 'bioscience problem' for nursing students: An integrative review of published evaluations of Year 1 bioscience, and proposed directions for curriculum development. *Nurse Educ Today*, 35(3), 500–509. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2014.11.003>
- Meld. St. 18 (2012–2013). *Lange linjer – kunnskap gir muligheter*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/9f8d4da472c04edf8cabee3fed441b3d/no/pdfs/stm201220130018000dddpdfs.pdf>
- Melender, H.-L., Mattila, L.-R. & Häggman-Laitila, A. (2016). A systematic review on educational interventions for learning and implementing evidence-based practice in nursing education: The state of evidence. *Nordic Journal of Nursing Research*, 36(1), 3–12. <https://doi.org/10.1177/0107408315595161>
- Murtonen, M., Olkinuora, E., Tynjälä, P. & Lehtinen, E. (2008). “Do I need research skills in working life?”: University students' motivation and difficulties in quantitative methods courses. *The International Journal of Higher Education and Educational Planning*, 56(5), 599–612. <https://doi.org/10.1007/s10734-008-9113-9>
- Nordsteien, A., Horntvedt, M.-E. T. & Syse, J. (2017). Use of research in undergraduate nursing students' theses: A mixed methods study. *Nurse education today*, 56(9), 23–28. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2017.06.001>

- Ryan, R. M. & Deci, E. L. (2000). Intrinsic and Extrinsic Motivations: Classic Definitions and New Directions. *Contemporary Educational Psychology*, 25(1), 54–67. <https://doi.org/10.1006/ceps.1999.1020>
- Salminen, L., Stolt, M., Saarikoski, M., Suikkala, A., Vaartio, H. & Leino-Kilpi, H. (2010). Future challenges for nursing education – A European perspective. *Nurse education today*, 30(3), 233–238. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2009.11.004>
- Sidebotham, M., Jomeen, J. & Gamble, J. (2014). Teaching evidence based practice and research through blended learning to undergraduate midwifery students from a practice based perspective. *Nurse education in practice*, 14(2), 220–224. <https://doi.org/10.1016/j.nepr.2013.10.001>
- Smith-Strøm, H. & Nortvedt, M. W. (2008). Evaluation of evidence-based methods used to teach nursing students to critically appraise evidence. *Journal of Nursing Education*, 47(8), 372–375. <https://doi.org/10.3928/01484834-20080801-08>
- Strømsø, H. I. (2016). Forskningsbasert undervisning. I H. I. Strømsø, K. H. Lycke & P. Lauvås (Red.), *Når læring er det viktigste : undervisning i høyere utdanning* (2. utg., s. 40–53). Cappelen Damm akademisk.
- Säljö, R. (2013). Støtte til læring - tradisjoner og perespektiver. I R. J. Krumsvik & R. Säljö (Red.), *Praktisk-pedagogisk utdanning : en antologi* (s. 53–81). Fagbokforlaget.
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforl.
- Vizeshfar, F. & Torabizadeh, C. (2018). The effect of teaching based on dominant learning style on nursing students' academic achievement. *Nurse Educ Pract*, 28(1), 103–108. <https://doi.org/10.1016/j.nepr.2017.10.013>
- Vågan, A., Erichsen, T. & Larsen, K. (2014). En mixed methods studie: Sykepleierstudenters syn på kunnskap og læring. *Sykepleien Forskning*, 9(2), 174–182. <https://doi.org/10.4220/sykepleienf.2014.0087>
- Zhang, Q., Zeng, T., Chen, Y. & Li, X. (2012). Assisting undergraduate nursing students to learn evidence-based practice through self-directed learning and workshop strategies during clinical practicum. *Nurse education today*, 32(5), 570–575. <https://doi.org/10.1016/j.nedt.2011.05.018>